



Ingvald Kristoffer Bakke
Veråsvegen 594
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3349 - 22/67759

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
22.09.2022

Avvik i slamavskiljar og førehandsvarsel om krav om installering av minireinseanlegg - gbnr 114/5 Verås

Tiltak: Lågt nivå og lekkasje i slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr: 114/5 Verås Veråsvegen 594
Tiltakshavar: Ingvald Kristoffer Bakke

Alver kommune har 21.04.22 mottoke melding frå NORVA 24 om lekkasje mellom botn og vegg i slamavskiljaren på eigedommen din gbnr. 114/5 Verås.

Lekkasje i slamavskiljaren fører til at ureinsa kloakk renn ut i grunnen og kan medføre at menneske og dyr vert sjuke dersom dei kjem i kontakt med kloakken.

I følgje kommunen sine opplysningar har eigedommen slamavskiljar med spreiring til terreng. Denne avlaupsløysinga er ikkje tilfredsstillande ut frå dagens standard. Eigedomen din ligg innafor sikringssona til Sirsetvatnet og slamavskiljar er ikkje godkjent som avløpsanlegg i dette området.

Sirsetvatnet er ei av drikkevasskjeldene knytt til Litlås vassverk.

Hindre forureining

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgja for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Med bakgrunn i ovannemnde får de eit førehandsvarsel om at det vil bli stilt krav om installering av minireinseanlegg knytt til eigedommen dykkar på Verås. Avløpsordninga dykkar er ikkje lenger i tråd med føresegnene i forureiningsforskrifta.

For å få utbetre eller installere eit nytt avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent røyrleggjarføretak.

Installasjon av minireinseanlegg er eit søknadspiktig tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav f.

Frist for arbeidet vert sett til 30.05.2023

Du må sende oss ei skriftleg tilbakemelding om at minireinseanlegget er installert innan fristen.

Dersom ikkje minireinseanlegget er installert innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å installere minireinseanlegg og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dine rettar:

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, jf. pbl. § 32-2 1.ledd.

Det vert gjeve ein frist på **6 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller de kan sende e-post eller post til:

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til **sak nr. 22/3349**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingvald Kristoffer Bakke

Veråsvegen 594

5955 Lindås